



Steingeila sett frå sør. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Olav Hjetland Bringedal, Tormod Myklebust og Kåre Myklebust har gått saman om eit spesielt og interessant kulturlandskapstiltak. Dei ynskjer å rusta opp ei steingeil som er eigd av dei tre.**

Geila er 230 meter lang og i tillegg kjem ein enkel steingard på 70 meter. Dette vil sikra driftsveg til utmarksbeite for bruket til Kåre Myklebust i beitesesongen.

Alle tre bruk har gjerdeplikt og etter restaureringa vil denne vera oppfylt for alle.

Geila er eit gammalt, sjeldent og fint landskapselement. Ho kan igjen bli eit vakkert landskapselement som vitnar om mange hundre års tradisjonar for dyrehald, held Olav Hjetland Bringedal fram i søknaden om tilskot til spesielle miljøtiltak. Tidsplanen vert opplagt når løyvingane er sikra, men det er mogleg at det blir rydding neste år.

Kostnadsoverslaget sluttar på 537.900 kroner og Hjetland Bringedal søkjer om eit eingangstilskot på 60 prosent av dette, det vil seie 322.740 kroner (SMIL-midlar) Norsk Kulturminnefond er søkt om 72.360 kroner og dugnadsinnsatsen er berekna til 142.800 kroner.

Kostnadsoverslaget frå Haugland Maskin har muring av geila med dobbel steingard som den største posten med 244.500 kroner. Muring av enkel steingard vil kosta 152.400 kroner. Dette er dei to dominerande postane. Brukarane skal rydda eksisterande vegetasjon til vinteren og det skal satsast på eit kurs i muring neste haust i regi av forsøksringen.

Sjølve arbeidet, som er planlagt gjort i perioden 2008/2010, skal gå føre seg både manuelt og ved hjelp av gravemaskin.

Etterpå skal det tilsåast på kvar side av geila og sidan blir det ei oppgåve å hindra vegetasjon i og på kvar side.

Av Ola Matti Mathisen